



Landsforeningen for Nakkeskadde
Postboks 9217, Grønland
0134 Oslo

Deres ref:

Vår ref: 11/11055-1

Vår dato: 08.11.2011.

Spørsmål vedrørende oppfølging av pasienter med nakkeskader/nakkesleng.

Vi viser til Dykkar brev av 31. oktober 2011 til Arbeids - og velferdsdirektoratet og henvendelser til alle NAVs fylkeskontor.

Arbeids- og velferdsdirektoratet vil her på vegne av etaten svare på henvendelsene.

Vedlagt følger statistikk som etterspurt og som er sendt foreninga tidligare.

Diagnosestatistikken for 2010 er endå ikkje klar. Planen er å publisere diagnosane for 2010 samstundes med årstala for uførepensjon. Dette blir truleg i februar 2012.

Antall uførepensjonistar med diagnose whiplash/nakkesleng.

icd9: 9057 og icd10: S134

Alder	Pr. 30.11.08	Pr. 31.12.09
I alt	3 005	2 984
18-49 ÅR	910	857
50-59 ÅR	1171	1166
60-67 ÅR	924	961

FYLKE:	Pr. 30.11.2008	Pr. 31.12.2009
I ALT	3 005	2 984
Østfold	232	225
Akershus	393	395
Oslo	336	327
Hedmark	170	169
Oppland	118	111

Fagstab tjenester// Arbeids og Velferdsetaten
Postadresse: Postboks 5, St. Olavs plass // 0130 OSLO

Besøksadresse: Akersgata 64-68 //
Tel: 21 07 00 00 // Faks: 21 07 00 01

www.nav.no //

Aust-Agder	83	87
Vest-Agder	139	136
Rogaland	139	136
Hordaland	258	265
Sogn og Fjordane	42	44
Møre og Romsdal	110	104
Sør-Trøndelag	123	123
Nord-Trøndelag	39	41
Nordland	111	107
Troms	111	110
Finnmark	28	29
Bosatt i utlandet	145	151

Kodinga av sjukepengediagnosar og arbeidsavklaringsdiagnosar skjer etter ICPC-2 systemet. Der førast alle nakkeskader (inklusive seinfølger av piskesnertskader) til muskel- og skjelettkapitlet, nærare bestemt til L83. Kodinga av diagnosar ved uførepensjon skjer etter ICD-10 systemet. Der kodast piskesnertskader til skadekapitlet, nærare bestemt S13.4 (i dette tilfellet regnast det som skade på bindevevsstrukturer).

Ein eigen diagnosekode for piskesnertskader brukast bare ved koding av uførepensjonssakar

Kodinga av sjukepengar og arbeidsavklaringspengar gjerast altså etter ICPC-2 som er eit grovmaska klassifiseringssystem. I dette systemet skiljast det ikkje mellom nakkeslengskader og andre nakkeskader. I uførepensjonssakar brukast ICD-10 som er svært detaljert. Der skiljast nakkeslengskader frå andre nakkeskader.

Det vert ikkje henta inn opplysningar om skadegrad.

Ansvarsdelinga mellom NAV og helsevesenet er i all hovudsak slik at det er helsevesenet som er ansvarleg for behandling av pasientar, mens NAV er ansvarlig for tiltak og virkemidler som er nødvendig for at brukarane skal komme ut i arbeid.

Det er situasjonen på arbeidsmarknaden og politiske føringar som bestemmer utforminga, omfanget og sammensetninga av arbeidsretta tiltak. Formål og målgruppe varierer frå tiltak til tiltak. Oversikt over tiltak og virkemidler finnast på nav.no.


Tiltaka skal bidra til å styrke kompetansen for å auke moglegskapen for den enkelte til å komme i arbeid. Flere av tiltaka er beregna på brukarar med nedsett arbeidsevne. Brukarar som har behov for bistand frå NAV, har rett til å få utarbeidd ein aktivitetsplan i samarbeid med NAV.

Tiltaka er ikkje diagnosespesifikke bortsett frå to behandlingstilbod som NAV forvaltar; nemleg behandlingstilbod for personar med lettare psykiske lidningar og behandlingstilbod for personar med sammensette lidningar. Desse tiltaka er forbeholdt sjukmeldte personar med eit beståande arbeidsforhold.

Nav har såleis ingen tiltak/virkemidler som gjeld diagnosespesifikt for personar med nakkeskader. Tiltak for denne brukergruppa må som for andre grupper som har behov for bistand frå NAV, vurderast individuelt ut frå den enkeltes behov og arbeidsevne. Personar med nedsett arbeidsevne kan til

dømes ha behov for arbeidsrettet rehabilitering for å kunne styrke arbeidsevna og for å lære og mestre helserelaterte og sosiale problem som kan være til hinder for deltaking i arbeidslivet. Det vises til Forskrift om arbeidsrettede tiltak med mer som ligg på nav.no for ytterligere informasjon om dei ulike tiltaka.

Med vennlig hilsen



Ingrid Nikolic
Direktør Fagstab tjenester



Helge Ommundsen
Fung. seksjonssjef

Kopi: Bjørn Gudbjørgrud, Overordnet fylkesledd